

---

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** 27. mai 2016 15:30  
**Til:** 'bjorn.ove.kvam@grevstad.no'  
**Emne:** Førrebels svar på søknad om vesentleg auke av utslepp for gbnr 99/23,34  
Våge.

Til Anders O. Grevstad  
Gjeld tiltak på gbnr 99/23,34  
Arkivsak 16/1383

Lindås kommune viser til søknad om utvida utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 99/23,34.

Eigedomen er i dag registrert med utslepp av gråvatn. Då det no skal installerast WC, vert søknaden å vurdera som søknad om vesentleg auke av utslepp frå eigedomen.

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, ikraftsett 27.11.2015 . Området er avsett til LNF-føremål. Eigedomen ligg i tillegg innanfor omsynssone merka H190, dvs sikringsone for nedslagsfelt industrivassforsyning. I følgje førrebels uttale frå Teknisk drift vil det her måtte setjast krav om etterpolering og UV-handsaming for utsleppet. Då kommunen ikkje har opplyst om sikringssona tidlegare, jf uttalen som vart gitt på generelt grunnlag i juni 2015 og før gjeldande plan vart vedtatt, vil ein gje søkjar moglegheit for å vurdera om ein ønskjer å oppretthalda den innsende søknaden. Dersom kommunen ikkje høyrer noko innan 10. juni vil kommunen slutthandsama søknaden.

*Mvh*

*Anne Lise Molvik  
Rådgjevar  
Lindås kommune*